

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-145
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 23.08.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
034/21	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	30.08.2021
033/21	Eldreråd	30.08.2021
080/21	Alver formannskap	02.09.2021
	Alver kommunestyre	
018/21	Administrasjonsutval	01.09.2021
037/21	Ungdomsråd	30.08.2021

Økonomiplan 2022 - 2025

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Framlegg til økonomiplan drift og rammer for 2022 i samsvar med § 5-4 bevilgningsoversikt drift 1A og 1B vert vedteke.
Oppdatert framlegg til budsjett for 2022 og økonomiplan 2022-2025 med korrekt ramme for rammetilskot og skatt basert på framlegg til statsbudsjettet for 2022 og utgiftsrammer for sektorane inkludert lønns – og prisstigning til 2022-prisnivå vert lagt fram for kommunestyret til behandling i desember 2021.
2. Framlegg til investeringsplan for perioden 2022-2025 og investeringsbudsjettet for 2022 vert vedteke i samsvar med § 5-5 bevilgningsoversikt investering 2A og 2B.
Rådmannen får fullmakt til å justere investeringsbudsjettet for 2022 i samsvar med forventa framdrift på prosjekta som pågår i 2021. Dette betyr at prosjekta som pågår i 2021 som har endra framdrift per 2. tertialrapport vert flytta til 2022 i framlegget til budsjett for 2022 vert fremja i desember 2021. Investeringsbudsjettet vert ikkje prisjustert frå 2021-nivå til 2022-nivå, då det i gjeldande framlegg er lagt til grunn korrekt prisnivå.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.08.2021:

Handsaming:

Fellesframlegg v/Reidar Knutsen:

RMNF ser med stort alvor på den økonomiske stoda for Alver kommune. RMNF meiner at å redusera tenestetilbodet vil gå ut over livskvaliteten for menneske med nedsett funksjonsevne. RMNF er kjent med at fleire opplever at tenestene allereie ligg på eit minimumsnivå, og RMNF ber kommunen vurdere andre innsparingar og auka inntekter.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 034/21 Vedtak:

RMNF ser med stort alvor på den økonomiske stoda for Alver kommune. RMNF meiner at å redusera tenestetilbodet vil gå ut over livskvaliteten for menneske med nedsett funksjonsevne. RMNF er kjent med at

fleire opplever at tenestene allereie ligg på eit minimumsnivå, og RMNF ber kommunen vurdere andre innsparingar og auka inntekter.

Ungdomsråd 30.08.2021:

Handsaming:

Orientering i saka ved Robert Lorang Hansen

UR- 037/21 Vedtak:

Ungdomsrådet har i hovudsak sett nærare på dei tiltak i økonomiplanen som påverkar born og unge.

Ungdomsrådet er nøgde med at rådmannen sitt framlegg vil avvente å redusere 2 årsverk førebyggjande arbeid stab oppvekst og kultur, slik ungdomsrådet råda til ved handsaming av økonomiplan desember 2020. Ungdomsrådet skulle helst sett at ein tok vekk tiltaket frå lista over moglege tiltak, aller helst auka desse ressursane.

Ungdomsrådet vil følge opp behandlinga av økonomiplan fram mot endeleg handsaming i desember.

Samrøystes vedteke

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Lenke til økonomiplan: https://pub.framsikt.net/2022/alver/bm-2022-økonomiplan_2022-2025/

Vedlegg i saken:

23.08.2021	Budsjett 2022 Alver kyrkjelege fellesråd - søknad til Alver kommune 26.05.2021	1600367
23.08.2021	Budsjettforslag drift 2022	1600368
23.08.2021	Vedlikehaldsplan for kyrkjene i Alver - søknad til Alver kommune 14.05.2021	1600369
23.08.2021	Vedlikeholdsbehov - Tekstdel TG3- Vedlikehald pr kyrkje	1600370
23.08.2021	Vedlikeholdsbehov Investering AKF 2022	1600371
23.08.2021	Vedlikeholdsbehov kyrkjer i Alver - tabelloversikt TG3 og maling-2022-2025	1600372
23.08.2021	Skriv frå VFK 09.03.2021 - Overføring av ansvar for arbeidskøyning av TT brukarar	1600374
23.08.2021	Skriv frå VFK 09.03.2021 - Overføring av ansvar for arbeidskøyning av TT brukarar - Vedlegg med oversyn per kommune	1600375
23.08.2021	Økonomiplan 2022 - 2025 framlegg frå rådmannen	1600377